

Platting er naudsynt for sikkerheit ved ombordstigning og avstiging frå båt. Det estetiske og dei visuelle kvalitetane vert ivaretatt med ein platting istadenfor ein steinfylling foran naustet. Klagar viser til at Bergen Hamn i sitt løyve har satt som vilkår at fyllingsskråningen må plastres med tilstrekkelig stor Stein for å forhindre utvasking av masser, og murene over lavann må framstå med jevn overflate og pent utseende.

Vidare vert det vist til deira dispensasjonssøknad for plattingen:

Kort oppsummert har vi vurdert og hensyntatt alle overnevnte punkter fra vår redegjørelse i byggesøknad:

- Kaianlegget er fjernet.
- Tiltaket stopper i flomålet.
- Fyllskråningen skal plastres med tilstrekkelig stor Stein for å forhindre utvasking av masser. Murene over lavann skal fremstå med jevn overflate og pent utseende.
- Heilskapleg og estetisk avslutning mot sjø er ivaretatt.
- Utforming er i samsvar med eksisterande naustebygging i området.
- Tiltakets funksjon er ivaretatt.
- Prosjektert utførelse er meget solid og forankret.
- Sikkerhet er i varetatt på best mulig måte.